

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 30.11.2020

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Jan Tore Huus, Oddmund Skeie, Thorleif Gjernes, Liv Bente Steiro og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Runar J. Haugen

Referent: Kaia

Sak 2020/70: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2020/71: Godkjenning av referat frå styremøte 10.11.2020. Godkjent

Sak 2020/72: Egedomar:

- Ingen saker meldt.

Sak 2020/73: Tilstellingar:

- Romjulsbasaren. Grunna smittevern vil bygdelaget i år ikkje skipe til basar på Herand kulturhus 29.12. Det vert sal av loddar på bok og som alternativ til åresal vil me selje «bygdeharte». Sal av lodd på butikken, styret sit på butikken nokre fredagar og laurdagar. Bygdeharte vert seld med 5 rivelodd i posane. Desse trekkast med eige gevinstar. Både loddbøker og bygdeharte trekkast 29.12.20. Takk for all god støtte!
- Planleggingsmøte i januar; bygdelaget utsett dato for dette møtet til ut på våren grunna forventna lite aktivitet framover.

Sak 2020/74: Økonomi:

Søknad om lån frå Herand Landhandleri a/s: butikken har søkt bygdelaget om eit lån på kr. 250.000,-. Årsak til lånebehovet er høgare investeringskostnader enn forventna i det nye kassasystemet. Tilbakebetaling er sett til 18 månader, med start 15.04.21.

Bygdelaget ser det som særskilt viktig å sikre ei trygg framtid for butikken i Herand, og me oppmodar alle om å støtte opp om drifta på ein god og positiv måte. Søknaden er samrøystes innvilga av styret.

Sak 2020/75: Andre saker/eventuelt:

Ingen saker meldt.

Neste styremøte tysdag 12.01.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus